

Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

DATO: 12.02.2015
MØTESTAD: Helse Vest RHF

Utvalsmøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå utvalet

Lise Reinertsen	Leiar
Reidun Johansen	Medlem
Gunnar Berge	Medlem

Ingen forfall

Deltakarar frå administrasjonen

Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Deltakarar frå internrevisjonen

Leiar for internrevisjonen Bård Humberstet (sekretær for komiteen)

Sakliste:

Sak 01/15 B Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 02/15 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 04.12.2014
Sak 03/15 O Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor
Sak 04/15 O Revisjonsplan 2015-2016
Sak 05/15 O Årsrapport for revisjonsutval og internrevisjon 2014
Sak 06/15 O Instruksar for internrevisjon og revisjonsutval
Sak 07/15 B Revisjonsutvalet sin aktivitetsplan 2015
Sak 08/15 O Eventuelt

Sak 01/15 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 02/15 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 04.12.2014

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 04.12.2014.

Sak 03/15 O Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor

Oppsummering:

Internrevisor gjekk gjennom status på prosjekta slik dei nå ligg føre og orienterte kort om sentrale funn så langt for prosjekta om rehabilitering og innkjøp. Det vart gjort greie for eit prosjekt om kreftforløp som i 2013 vart utsett etter turnover i internrevisjonen. Empiri frå den gong er nå ikkje lenger oppdatert, og feltet er samstundes i rivande utvikling. Av denne grunn er prosjektet lagt bort, men vil kunne bli tatt opp i seinare rullering av revisjonsplan.

Vidare blei det gitt innspel til prosjekt om bierverv, herunder om det mulig å seie noko om konsekvensar for den tilsette ved manglande rapportering, konsekvensar for pasientar med den ordninga ein forvaltar, og for bruk av føretakas utstyr og lokalar. Det blei òg stilt spørsmål ved om det ligg føre særavtalar som regulerer området.

Vedtak (samrøystes):

Utvalet tar saka til orientering og noterer seg beslutninga om å legge til sides arbeidet med kreftforløp.

Sak 04/15 O Revisjonsplan 2015-2016

Oppsummering:

Utvalet gjekk gjennom og drøfta forslaga til prosjekt for kommande toårsperiode. Enkelt språklege justeringar blir lagt inn i dokumentet som så kan leggjast til styret for endeleg vedtak. Revisjonsutvalet vil på neste møte drøfte rekkefølga på prosjekta.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet rår styret til å vedta framlagte forslag til plan for internrevisjon 2015-2016.

Sak 05/15 O Årsrapport for revisjonsutval og internrevisjon 2014

Oppsummering:

Rapportutkastet blei gjennomgått og kommentert i møtet. Kommentrane blir innarbeidd i dokumentet og framsendt for styret på neste møte.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet rår styret i Helse Vest til å godkjenne årsrapporten for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2014.

Sak 06/15 O Instruksar for internrevisjon og revisjonsutval

Oppsummering:

Utvalet sluttar seg til den eine endringa i instruksane, slik at ansvaret for å fastsetje godtgjersle for leiar av internrevisjonen blir delegert til administrerande direktør i RHF-et.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet rår styret i Helse Vest til å godkjenne endring i instruks for internrevisjon slik det går fram av saka.

Sak 07/15 B Revisjonsutvalet sin aktivitetsplan 2015

Oppsummering:

Utvalet vil på sitt neste møte ha fått eit nytt medlem. Reidun Johansen trer ut av styret og revisjonsutvalet etter fem år. Ho vart takka av.

Når det gjeld mulig studietur, vil internrevisor sjekke ut mulighetene for å ha felles opplegg med dei andre regionane.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar oppdatert aktivitetsplan til orientering. Møtedato 7. april blir endra til 24. mars, kl 16-19 i Stavanger.

Sak 08/15 O Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

12.2.2014

Ref. Bård Humberset

Lise Reinertsen (Leiar)

Reidun Johansen (Medlem)

Gunnar Berge (Medlem)